



Notat

Dato: 28.03.2017
Arkivsak: 2017/3082-1
Saksbehandlar: ninlud

Til: Utval for opplæring og helse

Frå: Fylkesrådmannen

Forsøk med NAV-rettleiarar i vidaregåande skule

Forsøk med NAV-rettleiarar i vidaregåande skule er eit samarbeidsprosjekt mellom Arbeids- og velferdsdirektoratet og Utdanningsdirektoratet, der ein testar ut ein ny modell for samarbeid mellom skulesektoren og NAV. Frå 2015 har kvart fylke minst ein pilotskule der NAV-rettleiarar inngår i teamet for elevtenester.

Fylkesrådmannen orienterer her om status for forsøket ved Årstad videregående skole som er pilotskule i Hordaland.

Hovudmålet med NAV-rettleiarar i vidaregåande skule er å førebyggje fråfall og integrere ungdom i arbeidslivet. Vidare ønskjer ein å få meir kunnskap om omfanget av levekårsproblematikk og sosiale problem blant elevane. Gjennom dette lærer ein meir om behovet for og bruken av NAV sine tenester og tiltak når dette er kombinert med tilrettelagt oppfølging og opplæring frå fylkeskommunen.

Målgruppa for forsøket er elevar som står i fare for å falle ut av vidaregåande skule. Skulane som er valde ut til å delta, er store yrkesfaglege skular med høgt fråfall, og gjerne i område med opphoping av sosiale problem og levekårsproblem.

Forsøket vert finansiert over Arbeids- og sosialdepartementet sitt budsjett (Prop. 1. 2014-2015) og inngår i «Innsats overfor utsatte unge». Arbeids- og velferdsdirektoratet ga i 2015 14,5 millionar i tilskot til NAV-kontora. Midlane finansierer NAV-rettleiarane som har arbeidssstad i dei vidaregåande skulane. Forsøket varer i tre år (2015-2018) og vert evaluert av Arbeidsforskningsinstituttet (AFI) og Høgskolen i Oslo og Akershus.

Årstad videregående skole, pilotskule i Hordaland

Piloten på Årstad videregående skole vart starta opp i 2015 med to NAV-rettleiarar. Desse vart samlokaliserte med elevtenesta hausten 2016 og deltar i møte i elevtenesta, ressursteama, kontaktlærarmøta og klassetemamøte. Dei to NAV-rettleiarane er frå januar 2017 i tillegg ein del av NAV Årstad sosialteneste sitt ungdomsteam.

Piloten har leiarforankring gjennom at assisterande rektor og prosjektleiar er i styringsgruppa. I tillegg er dei aktivt med i samhandlingsarenaene på skulen og i NAV-sosialtenesta med fokus på mål for prosjektet og utvikling. Prosjektleiar rapporterer til styringsgruppa, som er sett saman av representantar for dei aktuelle samarbeidande etatar. Styringsgruppa rapporterer til den sentrale prosjektleiinga i UDIR/AVDIR. Det er i tillegg etablert ei lokal ressursgruppe.

Styringsgruppe:

Arne Ramstad, prosjektleiar og avdelingsleiar for Årstad NAV sosialteneste

Sigurd Trageton, assisterande rektor

Bjarte Hysing Olsen, avdelingsdirektør NAV Årstad Stat

Jon Fjeldstad, seniorrådgivar Fylkesmannen Utdanningsavdelinga

Grete Underdal, rådgivar Fylkesmannen Helse- og sosialavdelinga

Jostein Hestnes, etatssjef Bergen kommune – Etat for sosiale tenester

Nina Ludvigsen, seksjonsleiar Opplæringsavdelinga Hordaland fylkeskommune

Ressursgruppe:

Egil Arne Aas, Nav Hordaland Fylke

Ane Scholdager, Bergen kommune, Etat for sosiale tenester

Rita Rydheim og Tirill Tønder, NAV- rettleiarar på skulen

Torunn Ask, OT/ PPT

Sissel Riise, fungerande leiar av elevtenesta på skulen.

Det tverrsektorielle samarbeidet på skulen

Den felles arenaen for operativt tverrsektorielt samarbeid er skulen. Dette er samarbeidet mellom rådgivarar på skulen, skulehelstetenesta, oppfølgingstenesta (OT), PPT m.fl. I mange tilfelle har etatane liknande mandat overfor elevane, men skil seg likevel frå kvarandre ved at verkemidla er forskjellige. Til dømes kan NAV fatte vedtak om økonomisk stønad, bistå med hjelp i saker som gjeld bustad og hjelpe til med tiltak i familien. I mange tilfelle har det vist seg at det er denne type bistand til riktig tid som kan spele inn for at ein elev held fram på skulen.

Det er per i dag ingen formelle samarbeidsavtaler mellom prosjektet og andre kommunar. Styringsgruppa har vurdert at eventuelt behov vert fremja via Nav Hordaland ut mot respektiv kommunale NAV-kontor.

Måloppnåing per januar 2017

NAV-rettleiarane skal vere ein integrert del av skulen si elevteneste og bidra til å førebyggje og hindre fråfall ved Årstad videregående skole. Dei skal bidra til kompetanseheving mellom NAV og skule. Saman med leiinga på skulen skal NAV-rettleiarane bidra til å auke forståinga av behovet for koordinert og samla innsats overfor elevane.

Styringsgruppa har vurdert måloppnåinga fram til januar 2017. NAV-rettleiarane har blitt ein integrert del av skulen si elevteneste. Elevsaker vert no delt mellom skule og NAV-rettleiarane etter kva område som er hovudutfordringa for eleven. NAV-rettleiarane rapporterer på framdrifta med sakene deira i skulen sitt system og til leiar for elevtenesta, på same måte som skulerådgivarane gjer. Rådgivarane frå OT/PPT og skulehelsetenensta er i denne modellen ressursar som bidrar i enkeltsaker og i systemsaker ut frå gitte problemstillingar.

Skulen har per i dag 143 elevsaker som elevtenesta arbeider med. Av desse har NAV-rettleiarane ansvar for om lag 44 saker.

NAV-rettleiarane er bidragsytarar inn i førebygginga ved bruk av arbeidsmetodane sine og ved bruk av aktuelle NAV-tiltak. Gjennom deltaking i ulike fora og i samhandlingsarenaer bidrar NAV-rettleiarane til kompetanseheving mellom NAV og skule. Gjennom det daglege arbeidet og deltakinga i ulike fora er det ein pågåande prosess med å auke forståinga av behovet for koordinert og tverrfagleg, samla innsats.

Vidare arbeid i implementeringsprosessen

Arbeids- og Velferdsdirektoratet har signalisert at det kan opnast opp for å søkje om tilskot for eit fjerde år under føresetnad av at det er ein plan for vidareføring i ordinær drift og med minimum 50% finansiering frå NAV og skule. Per i dag er søknadstidspunkt for dette ikkje klart. Styringsgruppa har meint at erfaringsoverføring i det nasjonale prosjektet vil vere viktig å få fram i den vidare implementeringsprosessen. Det er lagt opp til ei fylkessamling hausten 2017 som vil ta dette opp i seg.

Ei undervegsevaluering utført av AFI i 2016 viser at forsøket har ført til at skulane er blitt betre i stand til å sjå kva NAV og andre tenester som NAV samarbeider med, kan bistå med overfor utsett ungdom. Både skulen og NAV har fått betre kompetanse om tiltaka til kvarandre og verkemiddel retta mot unge, og dei har utvikla former for samarbeid som fungerer godt.

AFI konkluderer i undervegsevalueringa i 2016 (vedlagt) at det er for tidleg å trekke eintydige konklusjonar med tanke på om ei ordning med NAV-rettleiarar i vidaregående skule bør bli implementert i vanleg drift, og i tilfelle på kva måte. Evalueringa peikar på fleire problemstillingar som bør utforskast nærmare før ein tar stilling til om og korleis ordninga skal halde fram når forsøksperioden er over.

Årstad videregående skole har gitt uttrykk for at det er ønskjeleg å få finansiert ei forlenging av prosjektet. Det har tatt noko tid å få det interne samarbeidet til å fungere optimalt. Dette gjeld ikkje berre samhandlinga internt i elevtenesta, men også arbeidet med å oppnå eins forståing i heile skulen om kva NAV kan, og kva rolle NAV kan ha i arbeidet med elevoppfølging. Skulen seier dei framleis har utfordringar knytt til å få NAV-rettleiarane tettare på lærarar, undervisninga, skuleleiarar og andre gjennom deira oppfølging av elevane. Samstundes ser skulen den viktige nytta i NAV sin kompetanse og legg vekt på den gode koplinga skulen no får gjennom eit tverretatleg støtteapparat for mange av elevane.

Vedlegg:

AFI 2016: Forsøk med NAV-veileder i videregående skole. En underveisevaluering